



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
144/20	Formannskapet	14.09.2020
120/20	Kommunestyret	24.09.2020

Økonomisk avslutning av anleggsprosjekt 50170 - Delutbygging av industriområde Eggesbønes (Mowi)

Samandrag:

Anleggsprosjekt 50170 omfattar delutbygging av industriområde Eggesbønes, nærmare bestemt utviding av industriområdet ved Mowi (tidlegare Marine Harvest). Bakgrunnen for prosjektet er ei leigekontrakt mellom grunneigar Herøy kommune og Mowi Norway AS, og finansieringa er på kr. 10 million (ekskl. mva). Arbeidet er ferdigstilt iht. leigekontrakt. Denne saka gjeld økonomisk avslutning av prosjektet.

Formannskapet 14.09.2020:

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

F- 144/20 Vedtak:

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Prosjektrekneskapet vert godkjent med eit totalforbruk på 8.817.901,- kroner.
2. Mindreforbruket på 1.182.099,- kroner vert tilbakeført til unyttta lånemidlar.
3. Mowi Norway AS vert fakturert i høve inngått leigekontrakt.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Prosjektrekneskapet vert godkjent med eit totalforbruk på 8.817.901,- kroner.
2. Mindreforbruket på 1.182.099,- kroner vert tilbakeført til unyttta lånemidlar.
3. Mowi Norway AS vert fakturert i høve inngått leigekontrakt.

Saksopplysningar:

Formannskapet vedtok i sak 35/18 den 27.2.2018 at ein skulle arbeide for å inngå ein intensjonsavtale med Mowi Norway AS (tidlegare Marine Harvest AS). Siktemålet med intensjonsavtalen var å sikre både utviding og vidareutvikling av industriområdet, slik at Mowi kunne styrkjast med Herøy kommune som base.

Kommunestyret vedtok i sak 44/18 den 19.4.2018 å godkjenne intensjonsavtalen med Mowi, men med ulike revideringar i ordlydane.

Kommunestyret vedtok deretter i sak 60/18 den 24.5.2018 å finansiere prosjektet med 10 million kroner (ekskl. mva) ved bruk av låneopptak.

Etter å ha kjørt tilbodskonkurransen hausten 2018, starta det fysiske grunnarbeidet opp januar 2019. Tidleg i arbeidet møtte ein på store utfordringar, då Mørenett si hovudleidning for straumtilførsel til heile ytre Herøy gikk gjennom anleggsområdet, både på land og i sjø. Dette gjorde at mykje av arbeidet meir eller mindre stoppa opp i lengre periodar, i påvente av at Mørenett skulle finne ei løysing, og etablere denne. Dette medførte auka kostnader på prosjektet.

Kommunen har rammeavtale med NCC Industry AS på asfaltarbeid, som asfalterte delar av det utvida industriarealet i desember 2019. Sidan ein ikkje rakk å ta alt før vintersesongen kom, tok asfaltentreprenøren difor restarealet i april 2020. Mowi overtok det nye utvida industriarealet i mai 2020.

Finansiering (tal er ekskl. mva):

K-sak 60/18	10.000.000,- kr
--------------------	----------------------------

Rekneskap (tal er ekskl. mva):

Totalt forbruk	8.817.901,- kr
= Mindreforbruk	1.182.099,- kr

Vurdering og konklusjon:

Prosjektet er ferdigstilt og tatt i bruk av Mowi. Ein har eit mindreforbruk i høve finansieringa. Prosjektet kan avsluttast og Kommunedirektøren tilrår at rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre i saksutgreiinga.

Trond Arne Aglen
Kommunedirektør

Eldar Hansen
Prosjektleder anlegg og drift